



# RETTLEIAR OM SKOLESKYSS SKOLEÅRET 23/24

- for skolar og kommunar





## Kven har rett på gratis skoleskyss?

Elevar har rett på gratis skoleskyss dersom eitt eller fleire punkt under er gjeldande:

- Eleven har lenger enn fire kilometer **avstand mellom heim og skole**. Første trinn har rett på fri skoleskyss dersom skolevegen er lenger enn to kilometer kvar veg.
- Elevar med **varig eller mellombels funksjonshemming/sjukdom** kan ha rett på skyss mellom heim og skole uavhengig av reiselengde, dersom funksjonshemminga eller sjukdommen medfører at eleven treng skyss for å kome seg til skolen.
- Elevar som har mindre enn fire kilometer lang skoleveg (to kilometer for første trinn), men som har ein **særleg trafikkfarleg eller vanskeleg skoleveg**. Søknaden skal rettast til kommunen eleven bur i.

Detaljert skoleskyssreglement finn du på [www.skyss.no/reise/skoleskyss](http://www.skyss.no/reise/skoleskyss)

## Slik søker du om skoleskyss

Det er skolane som søker om skyss for sine elevar i skoleskyss-systemet Skyss Elev, og godkjent skoleskyss blir sett opp utifrå informasjonen som skolen registrerer her.

På <http://www.skyss.no/reise/skoleskyss> under «reglement og skjema» ligg **skjema for særleg farleg skoleveg og delt bustad**. Desse skal leggast ved søknaden i dei tilfella der dette er relevant.

Dersom ein søker om skyss på grunnlag av **varig funksjonshemming/sjukdom** må det leggast ved legeerklæring. Vi tilrår å bruke mal for legeerklæring som ligg på vår nettside. Denne er også tilgjengeleg i legane sitt journalsystem.

Skyss samarbeider med den fylkeskommunale legemnda rundt medisinsk skyss. Den fylkeskommunale legemnda bestående av spesialistar innan allmennmedisin vil kunne vurdere legeerklæringa, og vurdere eleven sitt transportbehov.

Søknader om mellombels medisinsk skyss som skuldast mellombels skade blir handsama og bestilt av skolen/kommunen i Skyss Elev. Behovet for skyss skal vere stadfesta og tidsavgrensa med legeerklæring (maksimalt 8 veker), som må leggast ved søknaden i Skyss Elev. Skyss skal kontaktast dersom eit skyssopplegg vert svært kostbart.

Eventuelle søknader om mellombels skyss som skuldast andre årsaker enn mellombels skade skal handsamast av Skyss.

## Trinn m/timeplan for nytt skoleår

Trinn m/timeplan er automatisk flytta opp til skoleåret 2023/2024, og kan ikkje endrast av skolane. Ved endringar må de kontakte [skoleskyss@skyss.no](mailto:skoleskyss@skyss.no) med forklaring på kva den konkrete endringa er.

Dersom det meldast inn endringar som Skyss ser kan vere utfordrande for skoleskyssen, vil Skyss ta kontakt med skolen. Dette er fordi dei same bussavgangane kan frakte elevar til fleire skolar. Dersom skolen gjer endringar i start- og/eller sluttider etter fristen **1. mars** kan ikkje Skyss garantere at desse kan bli imøtekome, og endringar kan få konsekvensar for ventetida for elevane.

## Frist for innmelding av elevsøknader

Søknader om skoleskyss skal meldast inn i Skyss Elev **innan 1. mars**.

Skolane kan flytte opp søknader som **ikkje har endringar**. De må opprette ny søknad på nye elevar og eksisterande elevar med endringar. Ver særleg obs på å ikkje flytte opp elevar med kommunalt vedtak som ikkje skal ha dette vidare, medisinske elevar der tilstanden har endra seg, eller elevar i 1. til 2. trinn der avstandsgrensa blir endra. Oppflytting kan gjerast enkeltvis, klassevis eller samla.

Skolane må kvalitetssikre at informasjonen i søknadene er riktig og at eventuell dokumentasjon er lagt ved. Skyss planlegg busskapasiteten til den enkelte skole ut frå talet på elevar som er meldt inn i Skyss Elev innan fristen. Dersom det blir meldt inn mange elevar etter fristen kan dette få konsekvensar for skoleskyssen, då ein risikerer for liten busskapasitet.

## Skolerute for skoleåret

Skoleskyssen blir sett opp etter kommunen si skolerute. Avvik frå kommunen si skolerute bør bli unngått, då dette kan få konsekvensar for skoleskyssen. Ved eventuelle avvik frå kommunen si skolerute må dato som er avvikande meldast til Skyss ([skoleskyss@skyss.no](mailto:skoleskyss@skyss.no)) **innan 1. mars**.



## Avvik i sluttider (til dømes kortare dag siste skoledag før feriar)

Skoleskyssen er sett opp til ordinære start- og sluttider. Ved behov for transport til andre tidspunkt må skolen bestille og finansiere denne transporten sjølv. Dersom skolebuss til ordinær sluttid skal avbestillast ber vi om at skoleskyss får tilbakemelding. Kontakt drosjeoperatør direkte for endringar.

## Kommunen/skolen si rettleiingsplikt

Kommunen/skolen må bidra til å informere elevane om skyssrettane deira.

## Sjekke status på søknaden

Skolane kan følgje med på status for søknadene i Skyss Elev. Alle skolane sine søknader vil vere tilgjengelege under fana «Bestillingar». Når søknaden er endeleg godkjent og ferdig handsama vil søknaden ha statusen «Godkjent».

Status	Forklaring
Godkjent	<i>Søknaden er ferdig handsama og eleven er tildelt eit transportopplegg.</i>
Må behandlast	<i>Avventar manuell sakshandsaming.</i>
Inaktiv	<i>Når ein søknad vert avvist eller deaktivert vil det stå inaktiv. De må hake av status inaktiv /avvist for å få opp eleven på lista over bestillingar.</i>
Avvist	<i>Søknaden er ikkje godkjent.</i>
Under behandling	<i>Søknaden er under handsaming.</i>

## Føresette som ikkje skal ha informasjon om eleven må bli fjerna i Skyss Elev

For alle elevar som blir meldt inn i Skyss Elev vert det i utgangspunktet sendt vedtak til begge føresette som er knytt til eleven i folkeregisteret. Føresette som ikkje skal ha informasjon om eleven, må derfor bli fjerna manuelt ved innmelding av eleven i Skyss Elev.

## Vedtak

Vedtaket vert sendt via Digipost til føresette. Ved utsending av vedtak vil det berre gå fram kva transportmiddel eleven har fått innvilga skoleskyss med (t.d. buss eller tilrettelagt transport). Det vil ikkje gå fram

detaljert informasjon om elevane sitt transportopplegg. Skolane må vere behjelpelege med å skaffe denne informasjonen til føresette (t.d. sjekke Skyss Elev og/eller gje relevant kontaktinformasjon til drosjeoperatør).

## Skolekort

### Gjeld gamle Hordaland:

Elevar som får innvilga buss får utdelt skolekort som inneheld **to daglege reiser mellom heim og skole**. Skolekortet er eit visningskort og skal ikkje registrerast på kortlesar, men visast frem ved evt. billettkontroll.

Elevar som har skolekort frå tidlegare skoleår skal nytte det same kortet, og vil få utlevert oblat frå skolen som viser at skolekortet er gyldig det aktuelle skoleåret. Nye elevar i 1. trinn og 8. trinn vil få nye skolekort.

For elevar som anten har mista skolekortet eller får innvilga skoleskyss i løpet av året, deler skolen ut ekstrakort. Det er viktig at skolane påfører eleven sitt namn og gyldige haldeplassar (sistnemnde finn ein i Skyss Elev).

Det blir sendt ut skolekort til nye elevar på 1. og 8. trinn, oblat til elevar som allereie har skolekort og ekstrakort til skolane før nytt skoleår.

### Gjeld gamle Sogn og Fjordane:

Elevar som får innvilga buss får utdelt skolekort som inneheld to daglege reiser mellom heim og skole.

Skolekortet skal registrerast på billettmaskina ved påstigning. Elevar som har skolekort frå tidlegare skoleår, skal nytte det same kortet. Det blir sendt ut skolekort til nye elever før nytt skoleår.

## Bussopplæring

God trafikkopplæring bør skje i samspel mellom skole og heim, men føresette har hovudansvaret for trafikkopplæring av eigne barn. Skolane har som oppgåve å gjennomføre trafikkopplæring kontinuerleg gjennom heile skoletida, og skolar som har elevar som reiser dagleg med buss **bør øve på trygg bussåtfærd**. Trygg trafikk har gode øvingsoppgåver på [www.tryggtrafikk.no](http://www.tryggtrafikk.no).

## Kapasitet i skolebussar

Skoleskyssen blir planlagt ut frå talet på elevar med rett til skyss som er meldt inn av skolen innan søknadsfristen. Det er viktig at skoleelevane spreier seg på dei bussavgangane som er tilgjengelege, for å unngå kapasitetsutfordringar. Dersom det likevel ofte er kapasitetsutfordringar må dette



meldast inn til Skyss. I tilfelle med kapasitetsutfordringar der det ikkje finst tilgjengeleg ekstra bussmateriell, kan elevar utan skyssrett bli vist til det ordinære rutetilbodet

## Tilrettelagt skoleskyss

All skoleskyss skal som hovudregel utførast med kollektivtransport. Elevar med rett til gratis skoleskyss som ikkje kan nytte seg av kollektivtilbodet, kan søkje om tilrettelagt skyss på heile eller delar av strekninga dersom eitt eller fleire av følgjande vilkår er oppfylt:

- behov for anna skyss enn buss grunna varig eller mellombels funksjonshemming/sjukdom
- manglande kollektivtilbod på strekninga der eleven har rett til skoleskyss anten på grunn av avstand eller særleg trafikkfarleg skoleveg

## Hentetider tilrettelagt skyss

Skoleskyssen blir sett opp til **faste start- og sluttider**, og konkrete hentetider kan skolen (ev. foreldre) få opplyst av den aktuelle drosjetransportøren etter at søknaden er godkjent. Det er viktig at det er registrert riktig timeplan for klassa, eventuelt for eleven dersom eleven har tilrettelagt timeplan, då det er denne som er utgangspunkt for transporttider. Henting utanom faste hentetider i samband med akutt sjukdom fell utanfor retten til skoleskyss etter opplæringslova.

Skoleskyss med drosje er ei erstatning for rutegåande tilbod og er basert på samkøyring. Transportør kan leggje opp køyreruta slik at eleven kan komme inntil 15 minutt før og hentast inntil 15 minutt etter siste time.

## Privat skyss

For elevar som har fått **innvilga tilrettelagt skoleskyss med drosje** kan føresette søkje om å få vere ansvarleg for skyssen sjølv mot refusjon. Ta kontakt med [skoleskyss@skyss.no](mailto:skoleskyss@skyss.no) dersom dette er aktuelt. Ordninga gjeld ikkje skyss som er innvilga etter kommunalt vedtak.

Skyss refunderer berre førehandsgodkjent privat køyring. Søknader som vert sendt inn etter skolestart blir godtgjort frå den datoen søknaden er sendt inn, dersom søknaden blir godkjent.

I dei tilfella der privat skyss blir godtkjent skal det sendast inn refusjonskrav frå skyssutøvar ein gong pr. halvår. Refusjonsskjema finn de på [www.skyss.no/reise/skoleskyss](http://www.skyss.no/reise/skoleskyss).

## Skoleskyss for elevar som ikkje går på sin nærscole

Tidlegare har elevar som ikkje går på sin nærscole blitt registrert med kommunalt vedtak. Ny praksis frå skoleåret 2021/2022 var at også desse skal leggast inn med fylkeskommunal skyss, dersom avstandskravet er innfridd til skolen eleven faktisk går på.

Kommunen vil vere ansvarleg for meirkostnaden av transporten når ein elev går på annan skole enn nærskolen. Ved behov for drosje er det viktig at skolen legg ved det kommunale vedtaket om skolebytte. Dersom vedtaket om skolebytte set vilkår om at eleven/føresette må dekke ekstrakostnader ved skoleskyss til annan skole enn nærskolen skal kommunen likevel vil bli fakturert. Kommunen må då, i samsvar med vilkåret som er sett, vidarefakturere føresette for denne ekstrakostnaden. Skyss tilrår at det blir avklart med føresette om dei ønskjer at det blir søkt om skoleskyss for eleven, og at dei føresette blir gjort merksame på dei økonomiske konsekvensane av dette.

## Rettleiande reise- og ventetid

Reise- og ventetid skal vere forsvarleg både med omsyn til den enkelte elev og til ei rasjonell organisering av skyssen. I vurderinga blir gangtid, ventetid og tid med transportmiddel sett i samanheng. I tillegg vert det lagt vekt på eleven sin alder.

Skyss skal etterstreve å organisere ei samla reisetid (ein veg) innanfor følgjande **retteleiar** rammer:

- ca. 45 min for 1.-4. trinn
- ca. 60 min for 5.-7. trinn
- ca. 75 min for 8.-10. trinn

Elevar med lang avstand mellom heim og skole må rekne med lengre samla reisetid. Ved delt bustad vil vurderingane knytt til forsvarleg reisetid kunne avgrense retten til skyss frå begge bustadane. Ventetid (tilsyn) før og etter skoletid er kommunalt ansvar, jf. Opplæringslova § 7-4.



## Årshjul for skoleskyss

<b>Februar/mars</b>
<ul style="list-style-type: none"><li>• Skolane registrerer skyssbehov i Skyss Elev (Frist 1. mars)</li></ul>
<b>Juni/juli</b>
<ul style="list-style-type: none"><li>• Utsending av skolekort til skolane for nytt skoleår</li><li>• Transportbestillingar for <u>tilrettelagt skyss</u> blir sendt transportør fortløpande, og inneheld informasjonen som skolen har meldt inn i Skyss Elev. Dersom søknader inneheld feil informasjon, t.d. feil adresse eller feile opplysingar om behov for hjelpemiddel, kan ein ikkje pårekne å ha korrekt transport på plass ved oppstart i august.</li></ul>
<b>Juli</b>
<ul style="list-style-type: none"><li>• Rutetider for nytt skoleår er tilgjengelege i reiseplanleggaren på <a href="http://www.skyss.no">www.skyss.no</a>. Søk frå eleven si heimeadresse/haldeplass til skolen.</li><li>• De vil også kunne sjå eleven sitt reisetilbod i Skyss Elev (ved kollektivreiser; hugs å velje «hent kollektivtilbod» for å sikre at dette er oppdatert – blir ikkje oppdatert automatisk).</li></ul>
<b>1. august</b>
<ul style="list-style-type: none"><li>• Frå og med 1. august får alle nye søknader og endringar i eksisterande søknader inntil 14 dagars handsamingstid grunna oppstart av nytt skoleår og høg saksmengd.</li></ul>

## Kontaktinformasjon

**E-post:** [skoleskyss@skyss.no](mailto:skoleskyss@skyss.no)

**Telefon:** 55 55 90 70, tasteval 2. Opningstid mellom kl. 09-12 alle skoledagar

**Nettside:** [www.skyss.no/reise/skoleskyss](http://www.skyss.no/reise/skoleskyss)